

Fagskolen Rogaland studieplan:

# Grønt mangesysleri og entreprenørskap

60 studiepoeng nivå NKR 5.1, *samlingar med nettstøtte*



Det norske landbruket er ein historie om å sjå samanhengen mellom ressursar, matproduksjon og busetting. Alt tidleg på 1800-talet hadde dei fleste fleire syslar som grunnlag for levevegen sin. Jordbruk, skogbruk, fiske, handverk og reiseliv.

Mangesysleri blei det ofte kalla.

<i>Sist oppdatert:</i>	
<i>Skriven av:</i>	
<i>Kontrollert av:</i>	
<i>Godkjent av:</i>	Styret i Fagskolen Rogaland
<i>Godkjent dato:</i>	Dato: 11.04.2024

## INNHOLD

<b>UTDANNINGA SITT NAMN .....</b>	<b>3</b>
<b>FORMÅL MED UTDANNINGA .....</b>	<b>3</b>
<b>OPPTAKSKRAV .....</b>	<b>4</b>
OPPTAK PÅ BAKGRUNN AV REALKOMPETANSE, M.M. ....	4
<b>OMFANG OG ARBEIDSMENGD .....</b>	<b>6</b>
UTDANNINGA SI PLASSERING I NKR-NIVÅ.....	6
<b>ORGANISERING AV UTDANNINGA .....</b>	<b>6</b>
<b>LÆRINGSUTBYTTESKILDRINGAR.....</b>	<b>7</b>
LÆRINGSUTBYTTESKILDRINGAR FOR UTDANNING I HEILSKAP .....	7
LÆRINGSUTBYTTE OG FAGLEG INNHOLD FOR KVART EMNE.....	8
<i>Emne 1: Bedriftsøkonomi og leiing .....</i>	<i>8</i>
<i>Emne 2: Marknadsføring og kommunikasjon.....</i>	<i>9</i>
<i>Emne 3: Lokal foredling .....</i>	<i>10</i>
<i>Emne 4: Bedriftsutvikling og entreprenørskap .....</i>	<i>11</i>
<b>UNDERVISINGSFORMER OG LÆRINGSAKTIVITETAR.....</b>	<b>13</b>
ARBEIDS- OG LÆRINGSFORM.....	13
<i>Arbeidsform .....</i>	<i>13</i>
<i>Læringsformer .....</i>	<i>13</i>
<i>Aktiviteter mellom samlinger .....</i>	<i>14</i>
LITTERATUR OG TEKNISKE HJELPEMIDDEL.....	14
<b>ARBEIDSKRAV OG VURDERINGSORDNINGAR .....</b>	<b>14</b>
UNDERVEISVURDERING (FORMATIV VURDERING) .....	14
SLUTTAVURDERING (SUMMATIV VURDERING) .....	15
VURDERINGSUTTRYKK .....	15
KARAKTERSKALA OG VURDERINGSUTTRYKK ER NEDFELT I FORSKRIFT OM HØYERE YRKESFAGLEG UTDANNING VED FAGSKOLEN ROGALAND, § 5-2.....	15
SLUTTDOKUMENTASJON .....	16
<i>Eksamensplan.....</i>	<i>16</i>

## Utdanninga sitt namn

### Grønt mangesysleri og entreprenørskap

### Formål med utdanninga

Landbruket er i endring. Stadig fleire bønder ser etter nye produksjonar på garden som kan bidra til berekraftig utvikling og grunnlag for busetting og leveveg. Fleire i reiselivet ser til landbruket der deira ressursar kan bli viktigare i utviklinga av reiselivsprodukt.

Eit aukande fokus på berekraft og eit pågåande grønt skifte gjer det nødvendig å tenkja framtidsretta og innovativt for næringa som opptrer meir og meir i skjeringspunktet mellom landbruk og reiseliv.

Bonden har gjennom sentrale føringar sett meir og meir fokus på dei ressursane garden har framfor berre å arbeida for å auka produksjonen gjennom større fjøs og meir leigejord. Mangesysleri, der dyreholdet er grunnlaget, gjer bonden i større og større grad til ein kulturarbeidar og bedriftseigar. Eit landbruk som byggjer på dei tradisjonar, verdiar og ansvar garden er gitt, *slik at lokalsamfunna kan utvikla seg til beste for lokalsamfunnet og landet elles.*

Målet for utdanninga er å

- bidra til å setje fokus på dei ressursane garden og lokalsamfunna har til ei berekraftig utvikling av næringa
- bidra til å skape nettverk mellom studentar for å fremja og styrkja eit livskraftig landbruk i skjeringspunktet med reiselivet.
- bidra til kunnskapsdeling og kunnskapsutvikling med sikte på styrkja studenten sin kompetanse på området mangesysleri og reiseliv
- bidra til å fokusera på eit innovativt og lønsamt landbruk der studenten sine behov i sentrum

Natur- og kulturbaserte næringar har ulike behov for kompetanse. Det spenner frå å sjå det moglege, kompetanse innan strategi og leiling og korleis materialisera ein ide til ferdig produkt. I dette arbeidet er samhandling med andre næringar, juridiske og økonomisk forståing viktig. Natur- og kulturbaserte næringar, som me her omtalar som *grønt mangesysleri*, famnar fagleg breitt, men utgangspunkt vil ofte vera i foredling av lokale råvarer og ressursar i eit tett partnerskap med reiselivet.

Nye næringar knytt til landbruket ser me veks fram og vil bli sentrale delar av det norske landbruket framover. Men det vil og koma til næringar som ikkje vil vera direkte knytt til landbruket, men som likevel er drive i kombinasjon med tradisjonelt landbruk. Internasjonalt har ein hatt fokus på denne utviklinga lenge.

### Målgruppe for utdanninga

Næringsdrivande (og potensielle) som ynskjer høgare yrkesfagleg utdanning i natur- og kulturbaserte næringar med fokus på entreprenørskap og kor berekraftige løysingar er vektlagt.

Tilsette i rådgivingstenesta (og potensielle) for landbruk, reiseliv og næringar knytte til desse.

Faglærarar og miljøarbeidarar i vidaregåande skule og tilsette som arbeidar innfor området natur- og kulturbasert næringar.

Utdanninga er lagt opp slik at studenten som har planar om eller tenkjer på å utvikle ein forretningsplan, kan nytte studiet i dette studiet som del av oppgåveskrivinga si. For rettleiarar i næringane kan utdanninga og oppgåveskrivinga bidra til å utvikle og trygge studenten i det rettleiingsarbeidet han eller ho seinare skal stå sentralt i.

## Opptakskrav

Vilkår for opptak er beskrive i kapittel 2 i Forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2022>

Opptakskrav er fullført og bestått vidaregåande opplæring innan naturbruk, eller eit av dei følgjande fagbreva nedanfor:

Fagbrev landbruk (NAAGR3) og yrkeskompetanse landbruk (NALBR3), anleggsgartnarfaget, akvakulturfaget, fiske og fangst, reindriftsfaget, idrettsanleggsgag, hestefaget, hovslagarfaget, gartnarfaget, gartnarnæring og skogfaget.

Fagbrev innan service og samferdsel: IKT-driftsteknikarfaget, IKT-servicefaget, IKT-tenesteutviklarfaget, kontor- og administrasjonsfaget, logistikkfaget, resepsjonsfaget, reiselivsfaget, sikkerheitsfaget, salsfaget, yrkessjåførfaget.

Om ikkje fagbrevet er bestått ved søknadstidspunkt kan opptak gjerast på vilkår om bestått fagprøve innan 31.12 i opptaksåret (jf. kap. 2 i fagskoleforskrifta).

### Opptak på bakgrunn av realkompetanse, m.m.

Har søkjar fagbrev som ikkje er lista opp over, eller annan utdanning og/eller arbeidserfaring som bakgrunn, kan han eller ho søkje om opptak og ev. innpassing på bakgrunn av realkompetanse. Realkompetanse er all kompetanse ein person har tileigna seg gjennom formell, ikkje-formell og uformell læring. Dette kan være kunnskapar og ferdigheiter tilegnet gjennom utdanning, lønn eller ulønna arbeid, organisasjonserfaring, fritidsaktivitetar, eller på annan måte (jf. § 1-4 i forskrift for Fagskolen Rogaland).

Søklarar med utanlandsk utdanning og bakgrunn krev norskkunnskapar på B1 nivå.

### Søknad og kunngjering av opptak

Søknad til utdanningar er organisert gjennom *Samordna opptak*,

[www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no). Opptaket følger normalt dei fastsette nasjonale søknadsfristane (ordinær søknadsfrist er 15.04). Når søknad ikkje går via Samordna opptak blir det vist til fagskulen sine heimeside for lokalt opptak.

Opptak blir gjort kjent når søknadsfristen er ute. Er det ledige plassar blir fristen for opptak forlenga. Fagskulen tar over opptaket frå slutten av juni.

#### Fastsetting av poeng og rangering ved opptak

Ved opptak blir dei nasjonale reglane for fastsetting av poeng og rangering nytta . Dette er gjort greie for i kapittel 3 i fagskuleforskrifta.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-07-11-1005>,

#### Innpassing og fritak

Utdanninga er delt inn i emne. Det går å søkje fritak for eit eller fleire emne kan søkjaren dokumentera tilsvarende kompetanse i det emnet frå før. Det er og råd å søkje om innpassing av emne dersom dette er heilt likt eit emne frå tidlegare utdanning.

Se <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-19-2113>, § 2-9.

#### Høve til å ta enkeltemne

Søklar treng ikkje ta heile utdanninga, men kan velgje seg enkeltemne og vil ved gjennomført og bestått emne få karakterutskrift for dette.

## Omfang og arbeidsmengd

Omfang av utdanninga er 60 studiepoeng og forventa arbeidsmengde samla for utdanninga og for kvart emne fordeler seg slik (utdanninga er lagt opp som deltidsutdanning)

Emne	Namn	Veker (deltid)	Studiepoeng	Studieinnsats (timar) *)	Underv. & rettleiing utgjær:	Sjølstudie/litteratur/gruppe
Emne 1	Bedriftsøkonomi og leiing	20	15	375	80	295
Emne 2	Marknadsføring og kommunikasjon	20	15	350	80	270
Emne 3	Lokal foredling	20	15	375	80	295
Emne 4	Bedriftsutvikling og entreprenørskap	20	15	400	80	320
	<i>Totalt:</i>	<i>80</i>	<i>60</i>	<i>1500</i>	<i>320</i>	<i>1180</i>

(\*) Ett studiepoeng tilsvare 25 t studiebelastning

Utdanninga si plassering i NKR-nivå

Studiet si plassering i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) er 5.1.

## Organisering av utdanninga

*Grønt mangesyleri og entreprenørskap* er samlingsbasert og går over fire semestre.

Utdanninga består av fysiske samlingar, noko digital undervisning/oppfølging og sjølvstudie. Det er obligatorisk oppmøte på delar av utdanninga. Fagskulen brukar Teams som læringsplattform og Visma InSchool til dokumentasjon.

Undervisning og læring skjer dels i klasserom, som gruppearbeid og i felles diskusjonar, oppgåvearbeid, synfaringar/ekskursjonar, rettleiing og eventuelle laboratorieøvingar i felt. I tillegg kjem studietur og eventuelle sertifiseringskurs.

Arbeidsformene vil vera ein variasjon av samlingsbasert undervisning og rettleiing, nettbasert rettleiing, øvingar og sjølvstudie. Kvar samling skal ha ein detaljert time- og arbeidsplan for det som skal gjennomgåast og arbeidast med.

Emna kan tas enkeltvis, men emne 4 forutset at ein har fullført dei tre forutgåande emna.

## Læringsutbytteskildringar

Læringsutbytteskildringar for utdanning i heilskap

Etter fullført og bestått utdanning har kandidaten følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse

### Kunnskap

#### Studenten

- har kunnskap om sentrale omgrep, fakta og teoriar som knyter seg til fagområdet, og i tillegg forstår dei prinsipp og prosedyrar som gjeld fagområdet og/eller yrkje
- har kunnskap om leing, strategi- og forretningsutvikling
- har innsyn i lover, forskrifter, avtaler og krav til etablering av nye næringer, på området produksjon og sal av varer og tenester (utover foreldling av mat) med utgangspunkt i lokale natur- og kulturressursar
- har kunnskap om omgrep, prosessar og verktøy som blir nytta innan næringsetablering og utvikling
- har kunnskap om entreprenørskap knytt til sin yrkesfaglege ståstad
- har kunnskap og forstår næringa sitt ansvar og det behovet samfunnet har for å ta vare på dei lokale natur- og kulturressursane sin eigenart og verdi

### Ferdigheiter

#### Studenten

- kan nytta fagleg kunnskap når praktiske og teoretiske problemstillingar innan natur- og kulturbasert entreprenørskap skal løysast
- kan bruke kunnskap knytt til økonomistyring, leing og marknadsføring ved etablering og drift av næringer knytt til *grønt mangesysleri*
- kan gjera seg nytte av digitale verktøy innan økonomistyring og forretningsutvikling
- kan nytta informasjon og fagstoff frå ulike fagmiljø for å etablere, leie og utvikle *grønt mangesysleri*
- kan gjera bruk av kunnskapen sin for å løysa problem og oppgåver. Slik kompetanse kan vere kognitive, praktiske, kreative eller kommunikative
- kan bruke kunnskapen og ferdigheitene sjølvstendig i ulike situasjonar og gjennom samarbeid og ansvar bidra til auka generell kompetanse.
- har utøve kritisk tenking og reflektere i utdannings- og yrkessamanheng
- kan nytta nødvendig dokumentasjon og utarbeida nødvendige planar med økonomisk og miljømessig konsekvens i arbeidet med kvalitetssikring av produksjon av varer og tenester på området *grønt mangesysleri*

### Generell kompetanse

#### Studenten

- har føresetnadar for å utvikla eigne arbeidsmetodar for etablering og utvikling av næringer som knyter seg til *Grønt mangesysleri*
- har kompetanse og forståing på sider ved næringa som spelar inn på berekraftig ressursbruk i heile verdikjeda - frå idé, produksjon, sal og forbruk

- kan byggje relasjonar og samarbeidsløysingar med fagmiljø og aktørar som driv i skjeringspunktet landbruk og reiseliv
- har utvikla ei etisk forståing til lokale natur- og kulturressursar og krav som blir stilt til desse frå styresmaktene og brukargrupper
- har kompetanse til å vurdere og utvikla produksjon av varer og tenester innanfor dei faglege og etiske rammer som ligg føre

## Læringsutbytte og fagleg innhald for kvart emne

### Emne 1: Bedriftsøkonomi og leiing

Etter fullført og bestått eksamen for dette emnet har studenten oppnådd følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

<b>Kunnskap</b>
Studenten <ul style="list-style-type: none"><li>• har kunnskap om korleis ein les eit rekneskap. Forstår inntekter og kostnader og grunnlag for økonomiske avgjersler i verksemda.</li><li>• har kunnskap om korleis ein utarbeidar ulike budsjett og analysar</li><li>• har kunnskap om eksport til ein mogleg alternativ marknad</li><li>• kan vurdere ulike finansieringsalternativ</li><li>• kan sjå kva potensiale som ligg i det sirkulære i drifta og utnytting av naturressursane i verksemda</li><li>• har kunnskap om mangfaldsleiing innan drift og produksjon</li><li>• har kunnskap om HMS, HR og leiing</li></ul>
<b>Ferdigheiter</b>
Studenten kan <ul style="list-style-type: none"><li>• setja opp ulike budsjett</li><li>• gjennomføre rekneskapsanalyse</li><li>• finna kapitalbehovet til eiga verksemd</li><li>• utarbeida arbeidsplanar for eiga verksemd</li><li>• finne informasjon og fagstoff som er relevant for ein problemstilling innanfor økonomi og leiing</li></ul>
<b>Generell kompetanse</b>
Studenten har <ul style="list-style-type: none"><li>• oversikt over ulike styringsmetodar og vurdere desse i høve til eiga verksemd</li><li>• evne til å vurdere eiga portefølje i høve til økonomi og leiing</li><li>• til å gjere etiske vurderingar for produksjonen si berekraft og berekraftig samspel med natur og lokalsamfunn</li></ul>



Klasseundervisning i 9 dagar á 8 timar. I tillegg kjem nettsamlingar som sikrar framdrifta for studenten i sjølvstudieperiodar. Aktiv bruk av kollokviegrupper.

### Vurdering og arbeidskrav

Ei innlevering /bestått/ikkje bestått i tillegg til 48 timars heimeeksamen.

### Litteratur (og referansar)

Litteraturliste er klar i god tid før studiestart.

### Emne 2: Marknadsføring og kommunikasjon

Etter fullført og bestått eksamen for dette emne har studenten oppnådd følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

<b>Kunnskap</b>
Studenten har <ul style="list-style-type: none"><li>• kunnskap om ulike typar salsmetodar</li><li>• kunnskap om betydninga av digital nettverksøkonomi, konsekvensar av robotisering og digitalisering for verdiskaping og sysselsetting</li><li>• god kjennskap til reiselivsbransjen og kan sjå samarbeidspotensialet med bransjen</li><li>• kunnskap om profilering, merkevarebygging og korleis lage marknadsplan</li><li>• kunnskap om opplevingsdesign</li><li>• har kjennskap til digitale plattformer for sal og markedskommunikasjon</li><li>• har kunnskap om konkurransemidlene for å oppnå økt sal</li><li>• kunnskap om vertskapsrolla med utgangspunkt i<ol style="list-style-type: none"><li>I. Storytelling</li><li>II. Besøksgard - arbeidstrening/psykisk helse</li><li>III. Sosial meistring og livskvalitet</li></ol></li></ul>
<b>Ferdigheiter</b>
Studenten kan <ul style="list-style-type: none"><li>• gjera bruk av sentrale verktøy i salsarbeid</li><li>• gjennomføre marknadsvurderingar, finne målgrupper og derfinere eit behov/behovtilfredsstillelse</li><li>• veit kva som skal til ved behov for endring og utvikling av produkt og tenester i ein marknad som er i endring</li><li>• kjenner til og kan bruke ulike digitale verktøy og plattformer knyta til sal og marknadsføring</li><li>• kjenner til og veit vertskapet si rolle i møte med kunden sine behov</li></ul>
<b>Generell kompetanse</b>
Studenten <ul style="list-style-type: none"><li>• har kompetanse til å forstå marknaden som vil kunne påverke omsetning av dei produkt og/eller teneste som skal seljast.</li><li>• har kompetanse til å gjera seg bruk av dei digitale verktøy som er nødvendige for å yte gode tilbod til kunden eller tenestebukaren</li></ul>

- |  |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• kan vurdere på ein god måte kva behov kunden/brukaren har for service og informasjon</li></ul> |
|--|

#### Undervisningsform og læringsaktivitetar

Klasseundervisning i 9 dagar á 8 timar. I tillegg kjem nettsamlingar som sikrar framdrifta for studenten i sjølvstudieperiodar. Aktiv bruk av kollokviegrupper.

#### Vurdering og arbeidskrav

Gruppeeksamen 14 dagar med munnleg presentasjon.

#### Litteratur (og referansar)

Litteraturliste er klar i god tid før studiestart.

#### Emne 3: Lokal foredling og ressursutnytting

Etter fullført og bestått eksamen for dette emnet har studenten oppnådd følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

<b>Kunnskap</b>
Studenten har <ul style="list-style-type: none"><li>• kunnskap om verdikjeda/utviklinga av t.d. matprodukt eller opplevingar</li><li>• kunnskap om foredling av produkt</li><li>• har kunnskap om sirkulærøkonomi og ressursutnytting på eigen gard og produksjon</li><li>• har kjennskap til korleis ein kan utnytte «c-produkt»</li><li>• har innsikt i korleis ein kan finne nye bruksområde for eksisterande produkt</li><li>• kunnskap om dei ulike læringsarenaene for ulike foredlingstradisjonar</li><li>• kunnskap om korleis ein kan nyttiggjere seg av bygningstradisjonar inn i produksjon og oppleving</li><li>• har innsikt i korleis utvikle og utnytte nye energiformer/minikraftverk i gardsdrifta og formidle denne kunnskapen</li></ul>
<b>Ferdigheiter</b>
Studenten kan <ul style="list-style-type: none"><li>• sjå potensiale som ligg i garden til å utvikle og få meir att for ressursane garden gir</li><li>• sjå og utnytte det potensiale garden har til å vera ein viktig læringsarena</li><li>• skape synergjar med andre innanfor same marknad</li><li>• forstå behovet for samhandling mellom andre aktørar i marknaden og dei som skal formidla produkta og tenestene garden produserer.</li><li>• forstå verdikjeda for produkta og tenestene</li></ul>
<b>Generell kompetanse</b>
Studenten <ul style="list-style-type: none"><li>• har kompetanse og innsikt i kva som er mogleg å utvikle og utnytte av ressursar på garden</li><li>• forstår betydninga av nettverk si rolle for å styrkje småskala-produsenten sine fortrinn</li><li>• har kompetanse til å utnytte garden sine potensiale og foredle produktet eller tenestene</li><li>• kan styrkje grunnlaget for større sirkulærøkonomi innan produksjonsfeltet</li><li>• skjønner verdien av produktet og tenesta sitt opphav, og spele på dette i produktutviklinga</li></ul>

## Undervisningsform og læringsaktivitetar

Undersinga er lagt opp som fysiske samlingar over 9 dagar á 8 timar, 3 dagar x 3 samlingar. Diskusjon av case vil vere sentralt under samlingane. I tillegg kjem nettsamlingar og rettleiing som sikrar framdrifta for studenten i sjølvstudieperiodar. Arbeid gjennom kollokviegrupper er også ein sentral læringsaktivitet.

Studietur til ein destinasjon i Europa. Der ein er jobbskygger.

## Vurdering og arbeidskrav

Ei innlevering med vurdering bestått/ikkje bestått, i tillegg til 48 timars heimeeksamen.

## Litteratur

Litteraturliste er klar i god tid før studiestart.

## Emne 4: Bedriftsutvikling og entreprenørskap

Etter fullført og bestått eksamen for dette emnet har studenten oppnådd følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

<b>Kunnskap</b>
Studenten <ul style="list-style-type: none"><li>• har kunnskap om korleis bedriftsutvikling og innovasjon er viktige moment i utvikling av forretningsplan</li><li>• har kunnskap om natur-, økologi- og kulturbasert entreprenørskap som er basert på dei ressursar garden kan nytte og foredle i vid forstand utover matproduksjon.</li><li>• forstår tverrfagleg samarbeid si betydning for resultatet</li><li>• har kunnskap om og kan vurdere effektar og begrensingar som ligg i<ul style="list-style-type: none"><li>○ lovverk i skjeringpunkt landbruk/reiseliv</li><li>○ reguleringsplanlegging</li><li>○ areal og miljøplanlegging</li><li>○ søknadsarbeid konsesjon, tilskot, m.v.</li></ul></li><li>• har kunnskap om korleis ein utviklar produksjon av varer og tenester som tek omsyn til beredskap, klima og miljø artsmangfald og samfunnsnytte, m.m.</li></ul>
<b>Ferdigheiter</b>
Studenten <ul style="list-style-type: none"><li>• kan mekanismane og teorien for bedriftsutvikling, nyskaping og innovasjon</li><li>• kan planlegge med omsyn til ein berekraftig produksjon</li><li>• forstår og kan utnytta dei konfliktliner som kan vera mellom reiseliv og landbruk på eit positivt sett</li><li>• kan utarbeide ein forretningsplan og implementera aktuelle partnerar som grunnlag for prosjektet</li></ul>
<b>Generell kompetanse</b>
Studenten

- har kunnskap og utvikla evne til å utarbeida ein forretningsplan der oppstart av ny forretningsidé ligg til grunn, eller utvikling av eksisterande produksjon
- har kunnskap om korleis lage gode planar og søknader som grunnlag for utvikling av bedrifta sin aktivitet
- kunnskap om lov- og regelverk som er sentrale i ein oppstartsfase og/eller utvikling av produksjon av varer og tenester

#### Undervisningsform og læringsaktivitetar

Klasseundervisning i 9 dagar á 8 timar. I tillegg kjem nettsamlingar som sikrar framdrifta for studenten i sjølvstudieperiodar. Aktiv bruk av kollokviegrupper.

#### Vurdering og arbeidskrav

Innlevering av forretningsplan  
munnleg presentasjon

#### Litteratur (og referansar)

Litteraturliste er klar i god tid før studiestart.

## Undervisningsformer og læringsaktiviteter

### Arbeids- og læringsform

#### Arbeidsform

Arbeidsformene skal vera eigna og relevante for å nå det læringsutbyttet utdanninga legg opp til. I det ligg det at studenten i tillegg til fagleg utvikling og skal utvikle evne til praktisk problemløysing, samarbeid, kommunikasjon.

Det blir satt som vilkår at studenten viser initiativ og tar ansvar for eige og felles læringsarbeid og -miljø, på same tid som studenten har ei konstruktiv haldning til studieopplegget. Studentane har praktisk erfaring innan eige fagområde, som er erfaring studenten tek med seg inn i erfaringsbaserte og studentsentrerte læringsformer (kunnskapsdeling).

I det pedagogiske opplegget blir studenten trekt aktivt med, noko som skal vera med å leggja grunnlaget for refleksjon i eige læringsarbeid. Variasjon av læringsmetodar er nødvendig for å oppnå kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.

Prosjekt- og gruppearbeid gir eit godt høve til opne problemstillingar som utfordrar studenten til å søkje gode, faglege og forsvarlege løysingar, der kreativitet og samarbeid blir utfordra. På same tid står rettleiing som ein naturleg plass i arbeidet med å gjennomføre prosjekta.

#### Læringsformer

Fagskulen legg til rette for varierte læringsformer, tilpassa heiltids- og deltidbaserte utdanningar, gjennom fysiske og digitale samlingar. Her nyttar ein mellom anna

- innføring i studieteknikk og bruk av læringsplattformer
- forelesning – praksisorientert
- individuelle arbeidskrav
- prosjektarbeid/presentasjonar med utgangspunkt i tverrfaglege case, gjerne knytt til studenten si eiga bedrift eller konstruerte problemstillingar
- gruppearbeid med logg og refleksjon
- digitalt undervisnings- og læringsarbeid
- rettleiing
- problembasert læring (PBL)

Det er laga utdanningsplan med utgangspunkt i detaljerte arbeidskrav for kvart emne. Arbeidskrav kan vera pliktig oppmøte på forelesingar, innleveringar, presentasjonar, prøvar, studietur, gruppearbeid, laboratoriearbeid, studentlogg, refleksjonsnotat, osv.

Dokumentasjon av slike krav blir samla for kvar student (mappevurdering), jf. kapittel om vurdering i forskrift for Fagskolen Rogaland.

For å fremja studenten sine faglege kunnskar blir det i læringsarbeidet lagt vekt på:

- tilrettelagde og godt leia læringsprosessar

- å etablere gode relasjonar mellom lærar og student
- forventningar til studenten sitt arbeid og kontroll av slike
- vurdering av arbeidet undervegs og regelmessig bruk av tilbakemelding
- samanheng mellom læringsutbytte, innhald og arbeidsmåte

### Aktivitetar mellom samlingar

Det bli lagt opp til «lærarstyrte aktivitetar» mellom samlingar. Slike arbeid kan vera gruppearbeid, nettbaserte diskusjonsforum, rettleiing for kvar enkelt student og i grupper. Dei lærarstyrte aktivitetane bør støtte opp under kommunikasjon og dialog mellom lærar og student.

Aktivitetane kan vera «synkrone aktivitetar» - aktivitet som skjer i nåtid. Dette kan også vera forelesning som går direkte med to-vegs kommunikasjon, nettmøte, eller chataktivitet mellom lærar og enkeltstudent/gruppe.

Når det gjeld «asynkron aktivitet» handlar det om at studenten ser opptak av ei forelesing, kommuniserer digitalt med lærar og medstudent(ar). Det kan òg vera elektroniske testar og undersøkingar, der studenten ikkje kan rekne med å få svar med ein gong.

### Litteratur og tekniske hjelpemiddel

Det blir lagt vekt på at studenten skal få god praksis med å finne fram i bøker, tidsskrift og på internett. Litteraturliste/utstyrsliste blir lagt fram ved studiestart. Studentane må disponere eigen PC, og ha grunnleggjande basisferdigheiter innan bruk av PC som verktøy. Tilgang til sentrale Office-programmer får studentane gjennom si studentinnlogging til fylkets nettverk.

Aktuell faglitteratur vert supplert med oppdaterte fagartiklar og faktablad henta frå aktuelle fagmiljø og deira nettsider. Kvar emne skal ha eige liste over kjernelitteratur som er relevant for emnet. I tillegg blir det lagt ut relevante artiklar, faktaark, m.m. i Teams-plattformen.

## Arbeidskrav og vurderingsordningar

Studentane skal levere inn arbeidskrav i hvert emne. Oppgåvene vil variere i omfang. Det er krav om 100 % innlevering av gitte arbeidskrav for å avlegge eksamen på hvert emne, jf. Forskrift for høyere yrkesfaglig utdanning ved Fagskolen Rogaland § 5-4. Rett til å gå opp til eksamen. Obligatorisk(e) arbeidskrav vurderes til godkjent eller ikke godkjent før emneeksamener.

All vurdering er lagt til læringsutbytteskildringa av studieplanen på overordna nivå (O-LUB) og på emnenivå (E-LUB). Vurderingsforma blir bestemt av formålet med ho, og vil variera innanfor kvart enkelt emne og innanfor studieløpet totalt. Vurdering heng nøye saman med arbeids- og læringsformene.

### Underveisvurdering (formativ vurdering)

Vurdering for læring (**formativ vurdering**) handlar om å gje rettleiing og tilbakemelding på studentane sitt arbeid og prestasjonar. Meldingar skal peike framover med råd om forbetringar. Studenten skal forstå kva han/ho skal lære og kva som er forventa. Vurdering for læring skjer i stor

grad der studenten vurderer eige og andre studentar sitt arbeid. Det legg grunnlaget for betre innsikt i eiga læring, kor studentane skal, og korleis dei best kan komme dit.

### Sluttvurdering (summativ vurdering)

Vurdering av læring (**summativ vurdering**) er ei oppsummering av kva studentane har lært. Dette er studenten sin sluttkompetanse i emnet som skal målast. Vurderinga skal innrettast slik at fagskulen på ein best mogleg måte kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttene som ligg til studieplanen for utdanninga.

Avsluttande prøvar eller innleveringar skal ha eit innhald som står i klar samanheng med skildringa for læringsutbytte. Tidlegare framovermelding skal gi studenten grunnlag til å førebu og forbetra seg på denne. Det blir utarbeidd vurderingskriterier til slike skriftlege og munnlege arbeidskrav.

Det skal avleggast eksamen med karakterar for hvert emne med karakterskalaen A til F, der A er beste karakter. For at eksamen skal vera bestått kreves karakteren E eller betre.

### Vurderingsuttrykk

Karakterskala og vurderingsuttrykk er nedfelt i Forskrift om høgere yrkesfagleg utdanning ved Fagskolen Rogaland, § 5-2.

Symbol	Betegnelse	Generell, ikke fagspesifikk beskrivelse av vurderingskriteria
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten syner særst god vurderingsevne og originalitet.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten syner mykje god evne til vurdering og originalitet.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten syner god evne til vurdering og originalitet på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Ein akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten syner ei viss grad av evne til vurdering og originalitet.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen dekkjer minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten syner lita evne til vurdering og originalitet.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikkje dekkjer de faglege minstekrava. Studenten syner både manglande evne vurdering og originalitet.

Symbol	Betegnelse	Generell, ikkje-fagspesifikk omtale av vurderingskriteria
Bestått	Bestått	Prestasjon som dekkjer dei faglege minstekrava. Studenten syner både tilfredsstillande evne til vurdering og originalitet.
Ikkje bestått	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje dekkjer dei faglege minstekrava. Studenten syner både manglande evne til vurdering og originalitet.

## Sluttdokumentasjon

- Vitnemål

Etter fullført og bestått høgare fagskuleutdanning får studenten vitnemål. I samband med internasjonal bruk er vitnemålet og merka med Vocational Diploma (VD).

I vitnemålet skal emna studenten tar kome klart fram kva fagretning, omfang, studiepoeng og karakterar som er oppnådd.

Er hovudprosjekt ein del av studiet skal tittel og grunnlaget for oppgåva gjerast greie for i vitnemålet.

- Karakterutskrift

Studentar som berre fullfører enkelte emne av eit høgare fagskulestudium får ei karakterutskrift for dei emna som er fullført. Dette gjeld og når studiet er fullført men ikkje bestått.

- Innpassing av emne i vitnemål

Skal ein fagskule skrive ut eit vitnemål, må studenten ha eit resultat frå fagskulen som tilsvorar den minste resultatbærande eininga. "Den minste resultatbærande eininga" er eit emne (fagskoleforskriften § 2).

I dei tilfelle der studenten har bestått emne ved ulike fagskular, er det normalt den siste fagskulen det er tatt eksamen ved, som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet (fagskoleforskriften § 38).

## Eksamensplan

Mellombels eksamensplan er angitt under. Forutsetningane er fulltidsprogresjon med oppstart i uke 34. Endeleg eksamensplan med dato vil bli meddelt ved oppstart.

Emne	Eksamen veke
1	2
2	12
3	2
4	12

Det blir gjennomført eksamen for kvart emne.